



Sak nr 17/2012

Møtedato: 28.3.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F1074

F 1074, Kvålstølen – utvist tilleggsjord og tildeling av tilskot

I samband med utbygging på Vaset vart det avsett eit fond til stølsbrukarar som driv husdyrhald ut frå støl i området og som kan vise til ulempe av turistutbygginga. Fondet skulle avviklast 20 år etter det var etablert.

I sak 46/2004 fekk stølsbrukaren tildelt tilskot for opparbeiding av 100 daa beite ved stølen sin på Kvålstølen. Stølsbrukaren hadde kjøpt inn gjerdemateriell i 2004. Kommunen godkjente utbetaling 50 % av tilskotet etter SMIL-ordninga og fjellstyret utbetalte 50% av tilskotet frå Vasetfondet. Han har i ettertid ikkje gjerda inn eller rydda beitet. Fullføring av arbeidet er fleire gonger teke opp med stølsbrukaren. Han har opplyst at det har vorte endringar med drifta, men han har arbeidd med andre løysingar.

Fjellstyret tilrådde utvisinga i sak 56/99 og utvisningsforretning vart sendt stølsbrukaren i 2002. Han har ikkje returnert underskrivne utvisingspapir. Statskog har etterlyst om beitet er teke i bruk og kva som ev. skal gjerast med arealet.

Det har gått så lang tid at ein må ha ei avklaring i saka og fjellstyret må vurdere om ein skal krevja tilbake tilskot som er utbetalt. Det er sendt brev i 2011 og 2012 til stølsbrukaren der ein ber om nærare orientering om drifta på bruket og ev. planer for arealet. Fjellstyret har ikkje fått svar på breva.

I § 23 i stølsforskrift står det følgjande om frist til å ta tilleggsjord i bruk:

Den som har fått utvist tilleggsjord må ta jorda i bruk innan 5 år, jf. § 19 andre ledd i fjellova. Om ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho automatisk tilbake til allmenningen. Fjellstyret skal gi melding til den som har fått utvist jorda, og til Statskog SF, om bortfallet av utvisinga.

Departementet sine merknader til § 23:

Om jorda ikkje er teken i bruk innan 5 år fell den tilbake til allmenningen. Tilbakefall inntreff automatisk når vilkåra for utvisinga ikkje er oppfylte. Det er ikkje nødvendig å gjere vedtak om tilbakefall for at tilbakefallet skal vere gyldig.

Vedtak:

Etter stølsforskrift § 23 har arealet falt i det fri. Vilkåra for tildeling av tilskot er ikkje oppfylt og fjellstyret krev at utbetalt tilskot blir tilbakebetalt. Frist for tilbakebetaling blir sett til 1.6.2012.

Vedtaket er einstemmig.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.4.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog